

114. ¹ Tone: Tillags aat alle kan ingjen gjera

Eg hev ein spurnad, kva vil du svara
Korleis du vyrdast no folk aa svara.
Kor fær ein aat no med eld aa kru
Aa korleis er da med elsk aa tru,

Aa korleis er da med mannavite
Eg synest alt er so svart aa skjete
Aa kan du skyna deg paa kultur
At den kan fremja so stygg natur.

Aa kan du meina dei otte hava
For nokon Gud so *agera* slava
Aa tena satan med hud aa haar
Med brand aa myrding med hogg aa saar

Kva er det so ein paa skular slukar
Som so gjeng upp uti vonde hugar
Ja so er røynsla ein ser det slik
Ein ser det so, naar ein byrjar krig

Kva synes du daa um alt da gilda
Av himlens gaavor so no dei *spilda*
So brennes upp aa so røykjast ner
Aa du for hjartor for vet aa meir

Slik levna kan ikkje vyrdna skapa
Slik lærdom kan ein kje etter apa
So røynsla lære paa den med sjaa
Den beste lærdom ein mann kan faa.

Difor skulle no folk seg vara
Med store menner fyl store faara
De faren daa, at dei alt fær raa
Aa storleik fyller kvar hjartekraa.

Det skapar liding aa naud aa *fælska*
Ein krigar byrja aa krigar elska
Kva undar daa at ein hatar saa
Da svarte djevelske *keisarklæa* ???